



LINDÅS KOMMUNE

KOMMUNEDELPLAN FOR SKULE 2014-2018

VEDTEKE I KOMMUNESTYRET 18. JUNI 2015



DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



1. Innleiing	2
2. Langsiktige utviklingstrekk	4
3. Folketalsprognose og elevtalsutvikling	5
4. Kapasitet og arealnorm	8
5. Endring i økonomiske rammer ved oppretting av private skular.....	8
6. Nærskuleprinsippet og kringsgrenser	9
7. Konsekvensvurdering for kvar skule opp mot dei ulike løysingane	11
<i>Lindås barneskule – status og konsekvensvurdering.....</i>	<i>11</i>
<i>Myking skule – status og konsekvensvurdering</i>	<i>14</i>
<i>Kløvheim skule – status og konsekvensvurdering</i>	<i>17</i>
<i>Eikanger skule – status og konsekvensvurdering</i>	<i>22</i>
<i>Leiknes skule – status og konsekvensvurdering</i>	<i>27</i>
<i>Ostereidet barneskule – status og konsekvensvurdering.....</i>	<i>30</i>
8. Oversyn over alternative skulestrukturar for barneskulane i Lindås og Ostereidet ungdomsskulekrins.....	33
9. Samla oversikt over investeringsbehov og endring i driftsutgifter i ulike strukturalternativ	34
10. Rådmannen si vurdering og tilråding	35
11. Konklusjon etter gjennomført høyring.....	36
Vedlegg	36

Forord

Rådmannen har fått i oppdrag å utarbeide ein ny kommunedelplan for skule gjeldande for 2014-2018. Planen er avgrensa til å omfatta to av ungdomsskulekrinsane, Ostereidet og Lindås. Tema i planen er vidare avgrensa til folketalsprognoser og elevtalsutvikling, alternative strukturløysingar, investeringsbehov og ei vurdering av konsekvensar for den enkelte skule i krinsane.

Arbeidet har vore leia av ei administrativ prosjektgruppe beståande av to einingsleiarar for skule, fagsjef for skule og hovudtillitsvalde. Utreiingsarbeidet er gjennomført i perioden desember 2014 til februar 2015.

Undervegs i arbeidet har prosjektgruppa hatt møte med ei referansegruppe med representantar frå skulane, tillitsvalde, verneombod, elevråd, FAU og ungdomsrådet.

Levekårsutvalet i kommunen er politisk styringsgruppe for prosjektet, og framdrift og prosess har vore handsama der i haust/vinter.

Planen vert sendt ut tilhøyring 4.mars 2015 med høyringsfrist 15.april 2015. Deretter ny handsaming i Levekårsutvalet før endeleg handsaming og vedtak i kommunestyret er sett til kommunestyremøte 18.juni 2015.

1. INNLEIING

Arbeidet med ein kommunedelplan for skule starta opp i 2009. Ei utgreiing vart lagt fram for kommunestyret 10.juni 2010 og kommunestyret vedtok følgjande (PS 66/10):

Seim skule: Skulen ligg inne i økonomiplanen med ferdigstilling i 2012 (prosjektet må utvidast litt). Festo skule vert overført til Seim skule frå hausten 2012.

Lindås barneskule: Skulen ligg inne i økonomiplanen med ferdiggjering i 2011 (prosjektet må utvidast litt). Det må vera eit mål at skulen er ferdig rehabilitert til å ta imot elevar frå Skodvin skule hausten 2011. Prosjektet må i tillegg ta høgde for å flytta paviljongen på Festo i 2012 til Lindås for å sikra ein framtidsetta og fleksibel skule.

Eikanger skule: Nybygg på Eikanger bør vera på plass til skulestart 2015/2016. Elevane på eksisterande Eikanger skule vert lokalisert saman med elevane på Kløvheim skule i utbyggingsperioden. Alle elevane vert flytta til ny skule på Eikanger etterpå.

Verbalpunkt

- 1. Det skal vere tre offentlege ungdomsskular i kommunen.*
- 2. Pedagogiske ressursar og driftsmidlar som blir frigjevne som fylgje av endra skulestruktur, skal nyttast til å styrkja dei attverande skulane.*
- 3. Skulane i Lindås skal oppgraderast slik at dei fyller dagens HMT forskrift gjeldande for skule. Oppgradering av Alversund skule har 1. prioritet.*
- 4. Prognosane viser at elevtalet på Knarvik ungdomsskule overstig maks antall elevar (360) i nær framtid. Det må derfor vurderast om ny ungdomsskule skal byggjast. Samtidig skal det vurderast om Knarvik Barneskule kan overta Knarvik Ungdomsskule sine lokalar. Desse naudsynte avklaringane må gjerast tidleg hausten 2010 i tråd med kommunestyrevedtak 18.05.2006.*

Kommunedelplanen blei rullert i 2012-2013 og 21.mars 2013 vedtok kommunestyret (PS 23/13):

Mål for opplæringa og kvalitative skildringar ved opplæringa, jf. Kommunedelplan skule 2010-2020 s. 3-49 vert vedteke i samband med denne rulleringa.

1. *Arbeidet med rehabilitering av Alversund skule skal prioriterast.*
2. *Planlegging og bygging av ny barneskule i Knarvik må startast opp snarast. Jf. kommunestyrevedtak 112/10.*
3. *Festo skule vert lagt ned og elevane vert overført til Seim skule frå og med skuleåret 2013/2014. Rådmannen vil arbeida vidare med skuleskyss til dei elevane som får lang skuleveg. Noverande kringsgrenser vert overført til Seim skule (Rådmannen sitt framlegg).*
4. *Eikanger og Kløvheim skular vert vidareført inntil vidare.*
 - a. *På Eikanger skule vil ny leigd paviljong stå klar frå hausten 2013. Det må vurderast om leigeavtalen skal utvidast eller om paviljongen skal kjøpast.*
 - b. *Administrasjonen greier ut ny felles skule for Eikanger og Kløvheim.*
 - c. *Noverande opptaksområde/kringsgrenser vert uendra inntil ny skule står klar.*
5. *Skodvin skule vert lagt ned. Alle elevane vert overført til Lindås barneskule når arbeid med byggetrinn 3 er ferdigstilt. Noverande kringsgrenser vert overført til Lindås barneskule skuleåret 2014/2015.*
6. *Kringsgrensene for ungdomstrinnet vert endra frå august 2013 ved at elevane frå Leiknes skule vert overført frå Knarvik ungdomsskulekrins til Ostereidet ungdomsskulekrins. Dette vert gjennomført som ei trinnvis overføring av elevane på 8. trinn frå skuleåret 2013-14.*
 - a. *Knarvik ungdomsskule har frå og med skuleåret 2013-14 som opptaksområde Alversund, Festo, Knarvik og Seim barneskulekrinsar. Ostereidet ungdomsskule har frå same skuleår som opptaksområde Ostereidet, Leiknes, Eikanger og Kløvheim barneskulekrinsar.*
7. *Byggetrinn 3 ved Lindås barneskule vert å starta opp snarast, slik at utbygginga og rehabiliteringa vert fullført seinast hausten 2014.*
8. *Konsekvensar av eventuelle endringar i skulestruktur må synleggjerast i revidert budsjett våren 2013.*
9. *Kommunestyret er positive til eit mangfald i skulen i kommunen og ynskjer å leggje til rette for og støtte opp om etablering av fleire privatskular i kommunen.*

I framlegg til Økonomiplan for 2014-2017 seier rådmannen om kommunen sin økonomiske situasjon:

Slik situasjonen er i dag, har ikkje Lindås kommune ei berekraftig utvikling når det gjeld drift og investering. Rådmannen meiner at kommunen er kome til eit punkt der ein må gjere tydelege og avgjerande grep for å sikre berekraftige tenester og berekraftig økonomi, som strekker seg langt utover eksisterande økonomiplanperiode.

På grunnlag av dette vedtok kommunestyret 19.12.13 at kommunen skulle gjennomføre eit omstillingsprogram:

Kommunen skal i økonomiperioden 2014-2017 gjennomføra eit omstillings- og utviklingsprogram som omfattar heile den kommunale drifta, med sikte på å redusera driftskostnadene til eit langsiktig berekraftig nivå.

Målet for programmet er:

- *å redusera driftskostnadene slik det går fram av økonomiplanen*
- *å utvikla kommuneorganisasjonen slik at den står rusta til å møte utfordringane fram mot 2025*

Lindås kommune må ha ei berekraftig utvikling når det gjeld drift og investering. Om kommunen i framtida skal vere rusta til å møte dei utfordringane som kjem, må viktige val gjerast. I omstillingsprogrammet slik det vart vedteke, ligg det ei målsetting om å redusera driftskostnadene i kommunen. Dette kan møtast gjennom ein generell reduksjon på tenestenivå eller endringar i organisering og struktur. Lindås har ein desentralisert og

kostnadskrevjande skulestruktur. Endringar i skulestrukturen kan føre til at ein slepp dei største nedskjeringane i timetildelinga til styrking, deling, spesialundervisning og særskild språkopplæring. Rådmannen ynskjer ei drøfting av skulestruktur i lys av dette perspektivet. Planen skal greie ut alternative løysingar av framtidig skulestruktur og har følgjande målsetjing:

Planen har eit langsiktig perspektiv og skal medverke til å sikre:

- Ein berekraftig kommuneøkonomi
- Eit likeverdig skuletilbod til alle elevane i kommunen
- Ein stabil skulestruktur over tid

Likeverdig skuletilbod er å forstå som:

- At alle elevar har like mulegheiter til opplæring uavhengig av evner og føresetnadar, alder, kjønn, hudfarge, sosial bakgrunn, seksuell orientering, religiøs eller etnisk tilhør, bustad, familien si utdanning eller heimen sin økonomi

Likeverdig opplæring er å forstå både på systemplan i eit nasjonalt perspektiv med utgangspunkt i lov og forskrift med læreplanar og på individplan som ei opplæring tilpassa den enkelte elev sine evner og føresetnadar.

Berekraftig kommuneøkonomi:

I berekraftig kommuneøkonomi ligg det at kommunen til ei kvar tid må ha eit økonomisk handlingsrom som sikrar at kortsiktige avgjerder er i trå med langsiktige mål og utviklingstrekk. Kommunen skal gjennom økonomiforvaltninga sørge for rettferd mellom generasjonar. Kommunen skal samordne miljømessige, sosiale og økonomiske mål i planlegging og handling.

2. LANGSIKTIGE UTVIKLINGSTREKK

Diskusjonar og prosessar rundt moglege endringar i skulestruktur er krevjande. Tradisjonar knytt til bygdene og skulen sin plass i bygda vert fort ståande som motpol til samfunnsendringar, busettingsmønster og utviklingstrekk elles.

Korleis vil Lindås kommune sjå ut om 40 år? Kvar bur folk? Kvar arbeider folk? Kvar er det klokt å investere i skuleanlegg som står seg i lang tid framover?

Nokre utviklingstrekk har vore tydeleg ei stund allereie. Knarvik og Alversund er i vekst og veksten vil halda fram. Nye vegløyser og nærleik til Bergen styrer dette. Pendling mellom arbeidsplassar og bustadar i Bergen og i Lindås er aukande begge vegar.

Vidare er det tydeleg auke i busetting langs E39 austover mot Leiknes og Eikanger og nordover i retning Lindås og Mongstad. Kva som i framtida vil skje på Mongstad er usikkert og påverkar i stor grad utvikling og utbygging i den retninga.

Kva så med skulane i dei indre bygdene og i ytterkantane av kommunen? Prognosetala for Kløvheimkrinsen syner ein svak nedgang i elevar ved skulen, ved Eikanger er elevtalet stigande. Ostereidet ungdomskule har hatt nedgang i elevtalet ved skulen dei siste åra og nærmar seg no ei kritisk grense. Samtidig ligg elevtalet på Knarvik ungdomsskule tett opp mot kapasitetsgrensa. Løysingar med endring av kringsgrensene på ungdomstrinnet har så langt ikkje hatt ynskja verknad for dei to ungdomsskulane. Om veksten vil halda fram langs E39 mot Eikanger, kan eit nytt skulesenter med både barne- og ungdomsskule ein plass langs E39 vere ei god framtidig løysing?

Val vi gjer i dag, bør kunne stå seg 40 år fram i tid!

3. FOLKETALSPROGNOSE OG ELEVTALESUTVIKLING

Utgreiing av utvikling av folketal i Lindås kommune 2010-2029 og prognose for elevtalsutvikling ved skulane er gjort av Norconsult. Dei nye prognosane syner ei samla vekst i innbyggjarar i kommunen på nærare 4.000 innbyggjarar fram mot 2029, slik at kommunen nærmar seg 20.000 innbyggjarar i 2029. Tal elevar i kommunen aukar med om lag 400 fram mot 2029. Den største auken i elevar i prognosen får kommunen frå 2024-25 og vidare. Dei fleste skulekrinsane har høgast elevtalsprognose i 2029. Dess lengre ut i prognoseperioden, dess meir usikre blir sjølve prognosen. Det vil vere behov for å utarbeida nye prognosar for elevtalet i kommunen, for å kunne følgja denne utviklinga.

For kommunen er det viktig å få utarbeidd prognosar over elevtalsutviklinga, då dette er eit nyttig reiskap for å kunne sikra best mogleg kapasitet og utnytting av arealet i skulane våre. Ut frå eit økonomisk perspektiv vil det vere lite hensiktsmessig at fleire av skulane i kommunen går med ledig kapasitet i stor monn. I den samanheng er 1 eller 2 parallellar barneskular med god utnytting i høve til kapasitet økonomisk gunstig for kommunen.


I høve til dei skulane i kommunen som vedkjem kommunedelplanen (Ostereidet og Lindås skulekrinsar), ser ein at medan Kløvheim skule har ein svak nedgang i elevtalsutviklinga i prognoseperioden, så er det venta auke i elevtalet ved dei andre skulane. Ved Eikanger og Leiknes skular syner prognosane aukande elevtal i slikt omfang at kommunen bør vurdere dette opp mot kapasitetsgrensa til skulen. Myking, Lindås, Kløvheim og Ostereidet skular har kapasitet til å ta imot den skisserte auken i elevtalet, men det er visse omsyn ein bør merke seg.




Elevtalsauken ved Ostereidet barneskule er av ein slik grad at i fall prognosane stemmer, vil skulen utnytte heile sin kapasitet fram mot 2029. Det vil ikkje vera plass til elevar frå Kløvheim eller Eikanger på Ostereidet etter dei nye prognosane.

På Lindås vil det vere plass til elevane frå Myking, men om Skodvin Montessori skulle bli lagt ned, vil ei samla elevgruppe frå Skodvin, Myking og Lindås i 2029/30 gå ut over kapasiteten ved Lindås barneskule med ca. 10 elevar. Ved behov for utviding av Lindås barneskule sitt areal, kan det vere aktuelt å ta i bruk den gamle gymnastikksalen ved skulen til undervisningsrom. I dag blir den disponert av Kolås barnehage.



Heile rapporten ligg med som vedlegg til kommunedelplanen.

Folketalssprognose for heile kommunen:





Prognose for framtidig utvikling i elevtal i kommunen (eks. elevar i ikkje-kommunale skular):



Elevtalsprognosar for dei aktuelle skulane, er presentert i kapittel for Konsekvensvurderingar for kvar skule opp mot dei ulike løysingane.

4. KAPASITET OG AREALNORM

Arealnorm for bruttoareal pr. elev er i Lindås kommune ulik frå skule til skule avhengig av ulike lokale tilhøve, og om det er snakk om nybygg eller rehabilitering av gamle bygg. Til dømes har ein i prosjektet for ny Alversund skule lagt seg på 12 m²/elev utan kroppsøving. Dette skuldast at vi har både nynorsk- og bokmålsklassar på Alversund. Dette tyder i praksis at ein ikkje får optimalisert klassane i høve til tal elevar, og det er behov for ulik storleik på romma samt fleire klasserom enn om skulen ikkje hadde hatt språkdeling bokmål/nynorsk. Eit døme kan vere at ein har 56 elevar på eit trinn. Dette ville gitt to fulle klassar på 28 elevar. Om 10 elevar på eit trinn vel bokmål, må dei resterande 46 elevane delast i to klassar.

Arealnorm for rehabilitering av Leiknes var:

Bruttoareal (BTA) utan kroppsøving: 13,4 m² pr. elev

Bruttoareal (BTA) med kroppsøving (Storstova): 21,3 m² pr. elev

Arealnorm for ny skule på Seim var:

Bruttoareal (BTA) utan kroppsøving: 14,1 m² pr. elev

Bruttoareal (BTA) med kroppsøving : 16,8 m² pr. elev

I rettleiande arealprogram for barneskule over 400 elevar frå «Kommunedelplan for skule 2010-2020», opererer ein med BTA på 11,0 m² pr. elev utan kroppsøving og BTA pr. elev på 12,2 m² medrekna kroppsøving.

Konklusjon:

Kapasitet må vurderast ut frå storleik på undervisningsrom og elevtal ved skulen, etter den mest gunstige fordelinga av elevtal pr. klasse. I praksis vil dette svært sjeldan vere ein realitet, slik at ein ved rehabilitering og nybygg bør vurdere å ha 10-15 % å gå på i høve til kapasitet.

5. ENDRING I ØKONOMISKE RAMMER VED OPPRETNING AV PRIVATE SKULAR


Staten gir tilskot til drift av private skular. I samband med statsbudsjettet er det ei årleg justering i kommunane si samla inntektsramme ut frå endra elevtall i private og offentlege skular (trekkordninga). Trekksatsen er 80 prosent av gjennomsnittskostnaden for en elev i offentlig skule (kr. 75 000 pr. elev i 2013).

Grunnen til at trekksatsen er lågare enn gjennomsnittskostnaden, er at det er sannsynlig at innsparinga for kommunen er lågare enn gjennomsnittskostnaden pr. elev. Kommunen har ansvar for alle elevane som er busett i kommunen, og må derfor til ei kvar tid ha noko fleksibilitet i kapasitet for å kunne tilpassa seg endringar i elevtalet i private og offentlege skular. Kommunen er i tillegg ansvarleg for ekstra midlar til spesialpedagogikk, skuleskyss og tenester frå PPT for elevar i privatskular.

Etablering av privatskular vil kunne utfordre effektiv utnytting av eksisterande skular i kommunen. Usikre elevtalsprognosar som følgje av privatskuletilbod vil også kunne påverke planlagde utbyggingsprosjekt. Politikarane i Lindås har ved fleire høve sagt at dei er positiv til etablering av privatskular i kommunen.

Elevtalsprognose for ikkje-kommunale skular:


Prognose Skodvin Montessoriskule med elevtal frå den kommunale skulen til og med 2014/15:



Elevtal Skodvin montessoriskule Prognose-----> (med tala frå den kommunale skulen til og med 2014/15)

	10/11	11/12	12/13	13/14	14/15	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22	22/23	23/24	24/25	25/26	26/27	27/28	28/29	29/30
1. årstrinn	13	8	9	12	4	12	9	14	8	14	11	10	10	10	10	10	10	10	10	11
2. årstrinn	10	12	6	9	11	4	11	8	13	7	13	10	9	9	10	10	10	10	10	10
3. årstrinn	8	10	13	6	8	11	4	11	8	13	7	13	10	9	9	9	10	10	10	10
4. årstrinn	10	8	10	15	5	8	11	4	11	9	13	7	13	11	9	9	10	10	10	10
5. årstrinn	9	9	9	10	15	5	8	12	8	11	9	13	7	14	11	9	10	10	10	10
6. årstrinn	9	9	9	9	10	15	6	9	12	5	12	9	14	8	14	11	10	10	10	11
7. årstrinn	7	9	11	11	7	10	15	6	9	12	5	12	9	14	8	14	11	10	10	10
sum 1-7	66	65	67	72	60	65	64	64	66	71	70	74	72	75	70	72	70	71	70	72

Prognose elever ved andre private barneskular:




Prognose barneskuleelevar, privatskule (ekskl. Skodvin)

(med faktiske elevtal frå skulen tom skuleåret 2014/15)

Prognose----->

	10/11	11/12	12/13	13/14	14/15	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22	22/23	23/24	24/25	25/26	26/27	27/28	28/29	29/30
1. årstrinn						9	9	9	9	9	9	9	9	9	9	9	9	9	9	9
2. årstrinn						0	9	9	9	9	9	9	9	9	9	9	9	9	9	9
3. årstrinn						10	0	9	9	9	9	9	9	9	9	9	9	9	9	9
4. årstrinn						16	10	0	9	9	9	9	9	9	9	9	9	9	9	9
5. årstrinn						7	16	10	0	9	9	9	9	9	9	9	9	9	9	9
6. årstrinn						14	7	16	10	0	9	9	9	9	9	9	9	9	9	9
7. årstrinn						1	14	7	16	10	0	9	9	9	9	9	9	9	9	9
sum 1-7	0	0	0	0	0	57	65	60	62	55	54	63	63	63	63	63	63	63	63	63

Prognose elevar ved private ungdomsskular:



Elevtalsprognose ungdomsskuleelevar, privatskole (ekskl Skodvin)

Prognose----->

	10/11	11/12	12/13	13/14	14/15	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22	22/23	23/24	24/25	25/26	26/27	27/28	28/29	29/30
8. årstrinn						43	34	47	40	49	43	33	42	42	42	42	42	42	42	42
9. årstrinn						31	43	34	47	40	49	43	33	42	42	42	42	42	42	42
10. årstrinn						48	31	43	47	40	49	43	33	42	42	42	42	42	42	42
sum 8-10	0	0	0	0	0	122	108	124	121	136	132	125	118	117	126	126	126	126	126	126

6. NÆRSKULEPRINSIPPET OG KRINGRENSER

Opplæringslova § 8-1. Skolen

Grunnskuleelevene har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til.

Lovparagrafen slår fast det såkalla «nærskuleprinsippet». Nærskuleprinsippet betyr at grunnskuleelevar skal ha rett til å gå på den skolen som ligg nærast heimen eller den skulen dei høyrer til ut frå kommunalt vedteken forskrift om kringrensar. Desse skal også følgje nærskuleprinsippet.

Ein elev kan søkje om plass på annan skule enn den som eleven høyrer til etter forskrifta. Ved vurdering av søknaden, vil nærskuleprinsippet vere avgjerande for utfallet. Det skal takast omsyn til objektive tilhøve som geografi, avstand, topografi og farleg skuleveg. Subjektive omsyn som søsken på skulen kan og vere avgjerande for ein søknad. Kapasitet på skulen kan berre få betydning for søknaden når kommunen kan dokumentera at nærskulen er full.

7. KONSEKVENSVURDERING FOR KVAR SKULE OPP MOT DEI ULIKE LØYSINGANE

LINDÅS BARNESKULE – STATUS OG KONSEKVENSVURDERING

AKTUELLE ALTERNATIV

Alternativ B0	Alternativ B1
Lindås barneskule utan Myking	Lindås barneskule med Myking

LINDÅS BARNESKULE - STATUS

Skuletype: Fulldelt barneskule
 Elevtal pr. nov. -14: 167 elevar – 7 klassar (8 i april – deling 1.trinn)


2014/15	28	21	22	23	27	25	21	167
---------	----	----	----	----	----	----	----	-----

Elevtal 2015-16 pr.febr.-15:

2015/16	34	31	22	27	24	28	27	193
---------	----	----	----	----	----	----	----	-----

Nynorsk hovudmål – språkdeling kan bli aktuelt
 Kapasitet ferdig rehabilitert: ca. 390 elevar

ELEVTALESPROGNOSAR



	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22	22/23	23/24	24/25	25/26	26/27	27/28	28/29	29/30
Lindås b	193	200	202	205	215	227	228	226	230	234	246	249	254	261	264
Myking	45	55	60	60	65	73	75	81	76	75	76	76	75	74	76
Samla elevtal:	238	255	262	265	280	300	303	307	306	309	322	325	329	335	340

Elevtalsutviklinga ved Lindås barneskule vil vere avhengig av kor mange elevar som vel Skodvin Montessori. I tabellen over er ingen av desse elevane rekna med. Komande skuleår 2015/16 har 9 av elevane frå Skodvin valt Lindås barneskule (pr. feb.). Desse er med i tala over.

SKULEVEG OG SKULESKYSS

Status 2014-2015:

Skule	Elevtal	Elevar med skyss	Rekneskap 2014
Lindås	167	33	168 000
Skodvin	58	38	302 000
Myking	52	26	118 000

Alt.B0 (Lindås b og Skodvin) 2015-2016:

Skodvin til Lindås

	Elevtal	Elevar m/skyss	Sone 1-2	Sone 3	Sone 4	Kostnad
Sonepris (frå 1.2.15)			18	23	28	
Skyskostnad Skodvin, 2014						302 000
Skyskostnad Montessori, estimert	59					302 000
Skodvin til Lindås 2015-16	9	9		9		78 660
Kostnadsauke for kommunen:						78 660

Alt.B1 (Lindås b, Skodvin og Myking)

	Elevtal	Elevar m/skyss	Sone 1-2	Sone 3	Sone 4	Kostnad
Sonepris			18	23	28	
Skyskostnader Myking, 2014	52	26				118 000
Skyskostnader Skodvin, 2014						302 000
Skyskostnad Montessori, estimert	59	40	40			302 000
Myking til Lindås	52	52		52		454 480
Skodvin til Lindås	9	9		9		78 660
Kostnadsauke for kommunen:						415 140

SKULEBYGG

Status januar 2015:

HMT	Miljøretta helsevern	Brann	Universell utforming
Under ombygging og rehabilitering. Estimert ferdig til skulestart 2015.	Nytt tilsyn vil bli utført i 2015.	Avvik lukka. Brannkrav er stetta når skulen er ferdig rehabilitert.	Under rehabilitering.

Vurdering av bygget - læringsarena og arbeidstilhøve

Lindås barneskule vil vere ferdig rehabilitert til skulestart 2015. Skulen vil då ha tilfredsstillande baserom/klasserom, spesialrom, fellesrom og SFO. Skulen vil ha kapasitet til 2 parallelar på kvart trinn, men klassesdeling grunna språkdeling vil truleg medverke til at det vil vere grupper på svært ulik storleik. Kvar gruppe/klasse treng sitt baserom. Ei stor auke i elevtal, vert utfordrande for kapasiteten på lærarkontor. Skulen har i dag 24 lærararbeidsplassar. Mange lærarar arbeider deltid. I dag vert 22 av desse 24 plassane brukt.

UTEOMRÅDE

Uteområdet er stort, litt flatt og einsformig, men med kjekke leikeapparat. Ballbingen er ganske nedsliten.

NÆRMILJØ

Innspel frå råd, utval og nærmiljø i 2010 og 2013:

Innspel frå FAU og SU har i hovudsak vore knytt til behov for rehabilitering av Lindås barneskule og opprusting av uteområdet.

ØKONOMISK VURDERING

Lindås barneskule har plass til å ta i mot elevar frå Myking krins utan at dette utløyser bygningsmessige eller arealmessige behov.

SAMLA KONSEKVENSVURDERING FOR LINDÅS BARNESKULE

Elevtalsutvikling:

I følge prognosetal for Lindås barneskule er elevtalet jamt stigande fram mot 2029/30. Det same gjeld for elevtalet på Myking. Elevtalet for Lindås og Myking samla vil i 2029/30 liggje på rundt 340 elevar. I tillegg må ein rekna med at nokre av elevane frå tidlegare Skodvin skulekrins vel Lindås. Lindås barneskule har kapasitet til å ta i mot desse elevane. I fall Skodvin Montessori blir avvikla, vil det samla elevtalet frå Myking, Skodvin og Lindås overstige kapasiteten ved Lindås barneskule med ca. 10 elevar.

Bygg og uteområde:

Skulebygget vil vere tilfredsstillande for alle elevane når skulen er ferdig rehabilitert. Arbeidsplassar til dei tilsette kan bli utfordrande. Det kan vere behov for utbetring av uteområdet om skulen kjem opp i eit samla elevtal på 3-400 elevar.

Nærskule og skuleskyss – vurdering av alternativ B1:

Det vert ingen endring i nærskulen for elevane ved Lindås barneskule.

Dei siste åra har elevtalet på Lindås vippa mellom 1 og 2 klassar på trinnet. Dette har vore lite gunstig for planlegging og stabilitet da tilflytting /fråflytting av 2-3 elevar på eit trinn får verknad for klassetal på trinnet. Lindås barneskule vil etter full rehabilitering ha kapasitet til å ta imot elevane frå Myking. Om Myking skule ikkje vert lagt ned, vil Lindås halda fram med ledig kapasitet. Elevar frå Myking skule kan få Kløvheim eller Eikanger som sin nærskule om Myking vert lagt ned. Dette vil påverka elevtalet på Lindås.

Anna:

Kommunen må vedta nye kringsgrenser om skulen får tilført elevar frå andre krinsar/bygder enn i dag.

MYKING SKULE – STATUS OG KONSEKVENSVURDERING

AKTUELLE ALTERNATIV

Alternativ B0	Alternativ B1
Myking skule (som no)	Myking del av Lindås barneskule

MYKING SKULE - STATUS

Status Myking skule:

Skuletype:

Firedelt barneskule

Elevtal pr.nov.-14:

52 elevar - 4 klassar

Elevtal 2015-16 pr.febr.-15:


2014/15	11	4	6	11	8	4	8	52
2015/16	5	9	4	6	9	8	4	45

Kapasitet:

Nynorsk hovudmål - ingen språkdeling

80 - 100 elevar

ELEVTALESPROGNOSAR



Elevtalsprognose Myking skule

(med faktiske elevtal frå skulen tom skuleåret 14/15)

	Prognose----->																												
	10/11	11/12	12/13	13/14	14/15	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22	22/23	23/24	24/25	25/26	26/27	27/28	28/29	29/30									
1. årstrinn	8	8	5	3	11	5	14	11	9	10	11	10	10	10	10	11	10	10	10	10									
2. årstrinn	6	8	11	5	4	9	6	15	12	11	12	12	11	11	11	12	12	12	11	11									
3. årstrinn	9	4	8	10	6	4	8	6	15	12	10	11	12	10	10	10	11	11	11	11									
4. årstrinn	8	8	5	8	11	6	4	9	6	15	12	10	11	12	11	10	11	11	11	11									
5. årstrinn	3	8	8	4	8	9	6	4	8	5	14	12	10	11	12	10	10	10	11	11									
6. årstrinn	13	3	7	8	4	8	9	6	4	8	5	14	12	10	11	12	10	10	10	11									
7. årstrinn	11	13	3	8	8	4	8	9	6	4	9	6	15	12	10	11	12	11	10	11									
sum 1-7	58	52	47	46	52	45	55	60	60	65	73	75	81	76	75	76	76	75	74	76									

SKULEVEG OG SKULESKYSS

Status 2014-2015:

Skule	Elevtal	Elevar med skyss	Rekneskap 2014
Myking	52	26	118 000

Alt.B1 – alle elevane til Lindås b

			Sone 1-2	Sone 3	Sone 4	Kostnad
	Elevtal	Elevar m/skyss				
Sonepris			18	23	28	
Skyskostnader Myking, 2014	52	26				118 000
Myking til Lindås	52	52		52		454 480
Kostnadsauke for kommunen:						336 480

SKULEBYGG

Status januar 2015:

HMT	Miljøretta helsevern	Brann	Universell utforming
Behov for vedlikehald /rehabilitering dei 10 neste åra: Totalt 11,64 mill. Av dette bør det utførast arbeid for 870.000 kr i løpet av 1-3 år. 9,8 mill. kr. kan vente i 5 år, mens 930.000 kan vente i 10 år.	Myking skule er godkjend i høve til forskrift for miljøretta helsevern seinast i 2012. Nytt tilsyn vil bli utført i 2015.	Tilsynsrapport frå 13.11.14. Berre mindre merknadar.	Estimert kostnad: 1.385.000 kr.

Vurdering av bygget - læringsarena og arbeidstilhøve

Romsituasjonen for elevar og tilsette ved Myking skule er tilfredsstillande. Skulen har 7 klasserom. I hovudbygget er det 3 klasserom a 60 m² i første etasje + to store kombinerte klasseromma i u-etasje på 91 m² og 115 m². SFO bygget har 1 reint klasserom, 1 kombinert klasserom med kjøkken og leikerom, 1 grupperom og leikerom/garderobe. Gymnastikksalen er 140 m².

UTEOMRÅDE

Skulen sitt uteområde er kompakt, variert og funksjonelt. Mange ulike leikeapparat/aktivitetar. Klatreapparat, sklie, disse/husker, bordtennis, basket, leikehytter, sjakkbrett, paradiso, mange klatretre, balansetau, sandleikegrop, fotball, handball, rastebord, akebakke, naturtomt samt leikerom for lause uteleiker. Skulen har ballbinge og gode fasilitetar for «uteskule» mot kulturlandskap, fjell og sjø. 1. – 4. klasse har «uteskule» som fast innslag på timeplanen. Denne nærleiken til naturen og kulturen vert trekt inn i all undervisning for alle elevane der dette høyrer naturleg heime.

NÆRMILJØ

Innspel frå råd, utval og nærmiljø i 2010 og 2013:

Myking bygdelag, «Trivselsgrenda» og Natås bygdelag har tidlegare i sine innspel kome med vektige argument for å behalda skulen som ein ressurs og samlingsstad for barn og vaksne i Myking-krinsen. Skulen sin plass i bygda vert framheva.

KOSTNADSVURDERING

Ved å leggje ned Myking skule og overføre elevane til Lindås barneskule, vil ein redusert dei årlege FDV-kostnadene med ca. kr. 700.000 (1.482 m² x 450 kr. pr. m²).

I tillegg vil ein kunne redusere tal årsverk pedagog med ca. 0,6 årsverk. Dette gir dette ei årleg innsparing på ca. kr. 360.000.

Auka skysskostnader er vurdert til ca. 340.000 kr.

Kommunen kan få inntekter ved ev. sal av eksisterande bygningar og tomt.

Overføring av elevar frå Myking til Lindås utløyser ingen bygningsmessige eller arealmessige behov ved Lindås barneskule, heller ikkje auka FDV-kostnader.

SAMLA KONSEKVENSVURDERING FOR MYKING SKULE

Elevtalsutvikling

Elevtalet ved Myking skule er stigande fram mot 2022-23. Deretter syner tala ein liten nedgang.

Bygg og uteområde

Bygg og utområdet vil vere tilfredsstillande med den elevtalsutviklinga som ligg i prognosetala.

Nærskule og skuleskyss – vurdering av alternativ B1:

Om Myking skule blir lagt ned og Kløvheim skule er i drift, vil Kløvheim skule vera nærskule for elevane sør for Tveiten langs fylkesveg 399 og sør for Hodnekvam langs fylkesveg 397. Elevane frå Myking kan da søkja om plass på nærskulen og vil få plass der om ikkje nærskulen kan definerast som full.

Ein del av elevane (busett på Natås) har allereie Lindås som nærskule.

Bygda vil miste nærskulen sin. For grenda kan nedlegging av skulen føre til ei endring i den sosiale praksis knytt til skulen. Alle elevane vil bli avhengig av skuleskyss til Lindås. Skyssutgiftene til kommunen vil auke med 300.000kr

Anna

Elevane på Myking høyrer til Lindås ungdomsskulekrins. Om nokre ynskjer Kløvheim som nærskule, vil dei høyre til Ostereidet ungdomsskulekrins frå 8.trinn. Kommunen må vedta nye kringsgrenser om Myking skule blir lagt ned.

KLØVHEIM SKULE – STATUS OG KONSEKVENSVURDERING

AKTUELLE ALTERNATIV

Alternativ B0	Alternativ B1	Alternativ B2
Kløvheim skule	Kløvheim/Eikanger – ny skule	Eikanger (Kløvheim del av Eikanger)
Alternativ B3	Alternativ B4	Alternativ B5
Kløvheim (Eikanger del av Kløvheim)	Ostereidet skule (Kløvheim og Eikanger skule del av Ostereidet)	Leiknes skule (Kløvheim og Eikanger skule del av Leiknes)

STATUS KLØVHEIM SKULE

Status Kløvheim skule:

Skuletype:

Tredelt barneskule

Elevtal pr.nov.-14:

40 elever - 3 klassar

2014/15	7	6	7	7	2	3	8	40
---------	---	---	---	---	---	---	---	----

Elevtal 2015-2016 pr.febr.2015:


2015/16	5	6	6	5	7	3	3	35
---------	---	---	---	---	---	---	---	----

Kapasitet:

Nynorsk hovudmål - ingen språkdelling

50-60 elever

ELEVTALESPROGNOSE



Elevtalsprognose Kløvheim skule

(med faktiske elevtal frå skulen tom skuleåret 14/15)

	Prognose----->																			
	10/11	11/12	12/13	13/14	14/15	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22	22/23	23/24	24/25	25/26	26/27	27/28	28/29	29/30
1. årstrinn	3	6	7	4	7	5	4	2	7	6	6	5	5	6	6	6	5	5	5	5
2. årstrinn	4	3	6	7	6	6	5	4	2	7	6	6	5	5	5	5	5	5	5	5
3. årstrinn	7	3	2	6	7	6	6	4	3	1	7	5	5	5	5	5	5	5	5	5
4. årstrinn	5	7	3	2	7	5	6	6	4	3	1	7	5	5	5	5	5	5	5	5
5. årstrinn	5	5	8	3	2	7	5	6	6	5	4	2	7	6	5	5	5	5	5	5
6. årstrinn	6	5	5	9	3	3	7	5	6	6	4	3	1	7	5	5	5	5	5	5
7. årstrinn	9	5	5	5	8	3	3	7	5	6	6	4	3	1	7	5	5	5	5	5
sum 1-7	39	34	36	36	40	35	36	34	33	34	34	32	31	35	38	36	35	35	35	35

Elevtalsutvikling - Kløvheim og Eikanger sam la															
	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22	22/23	23/24	24/25	25/26	26/27	27/28	28/29	29/30
Kløvheim	35	35	34	33	34	34	32	31	35	38	36	35	35	35	35
Eikanger	80	85	88	90	86	85	86	89	93	94	97	101	102	103	104
Sam la elevtal:	115	120	122	123	120	119	118	120	128	132	133	136	137	138	139

SKULEVEG OG SKULESKYSS

Status 2014-2015:

Skule	Elevtal	Elevar med skyss	Rekneskap 2014
Kløvheim	40	5	16 000

Oversikt over kostnadsauke for elevane frå Kløvheim:

	Elevtal	Elevar m/skyss	Sone 1-2	Sone 3	Sone 4	Kostnad
Sonepris			18	23	28	
B1 Kløvheim/ Eikanger ny skule *	114	?				
B2 Kløvheim/Eikanger på Eikanger	114	35	35			239 400
Auke i kostnad B2						223 400
B3 Kløvheim/Eikanger på Kløvheim	114					16 000
B4 Kløvheim til Ostereidet	218	35			35	372400
Auke i kostnad B4						356 400
B5 Kløvheim til Leiknes	272	35			35	372 400
Auke i kostnad B5						356 400

*Stad ikkje kjend

SKULEBYGG

Status januar 2015:

HMT	Miljøretta helsevern	Brann	Universell utforming
Behov for vedlikehald /rehabilitering dei 10 neste åra: Totalt 6,52 mill. kr. i løpet av ein 5-årsperiode. Vindauge og belegg er mest slitt og bør skiftast ut i løpet av 5 år, i tillegg kjøkken og omnar i klasserom. Parkett i gymnastikksal bør slipast i løpet av 5 år. Kledning kan stå min. 10 år til.	Godkjend i 2012. Nytt tilsyn vil bli utført i 2015.	Tilsynsrapport frå 17.04.12. Mindre merknader.	Estimert kostnad: 1.990.000 kr.

Vurdering av bygget - læringsarena og arbeidstilhøve

Kløvheim har 4 ordinære klasserom, 2 klasserom kombinert med SFO og spesialrom. Klasseromma har god standard tilpassa ulike pedagogiske aktivitetar. Personalrommet er passeleg stort i høve til tal tilsette i dag. Det same gjeld rektor og sekretær sine kontor. Arbeidsrom for lærarar er noko trangt - uroleg når alle skal jobbe der samtidig. Garderobar for personalet er mangelfulle. Gangareal i hovudbygg: Breie gangar. Noko oppbevaringsskåp i gangane, men det er framleis god plass.

UTEOMRÅDE

Skulen har stort uteområde som innbyr til mange aktivitetar. Det er ulik type terreng. Det er ballbinge, stor flat skuleplass, leikeapparat, disser, klatrestativ, hinderløype plassert rundt omkring utanfor sjølve skuleplassen. På vinterstid vert bakkane omkring skulen nytta til aking. I tillegg er skulen næraste nabo til Trekanten aktivitetspark. Der er det ulike leikeapparat, ein sykkelbane, hinderløype m.m. Skulen nyttar skogen/naturen på framsida og baksida av skulen i samband med uteskule, kroppsøving, SFO. Det er tilrettelagt mange turstiar i området, og desse turstiane er lagt opp som ei aktivitetsløype med informasjonsskilt om vegetasjon, dyreliv, historiske opplysningar. Skulen nyttar også elva som går ved sidan av skulen, sjøen/fjorden som er i gangavstand og fleire vatn i gangavstand til ulike aktivitetar. Det kan vere i naturfag, uteskule, aktivitetsdagar (skøytedag) m.m.

NÆRMILJØ

Innspeil frå råd, utval og nærmiljø i 2010 og 2013:

FAU v/ Kløvheim skule har tidlegare peika på at skulen gjer bygda attraktiv for folk som vil etablere seg. Kløvheim bygdela har understreka at nærskule er viktig for bygdelivet. Dei har framheva skulen sin plass i bygda og peikar på at Lindås kommune treng levande bygder. Skulen er ein avgjerande faktor i den samanheng.

KOSTNADSVURDERING

Ved å byggje ny skule for Kløvheim og Eikanger skular som er plassert innafor Eikanger skulekrins, vil det vere behov for ein kapasitet på inntil 200 elevar. Ny skule på ny tomt med areal for kroppsøving er kostnadsberekna til om lag 115 mill. kr. (skule: 14,8 m² pr. elev x 200 elevar x 32.500 kr. pr. m², tomt: 15.000 m² x 1.200 kr. pr. m²). FDV-kostnader (normal) vil årleg utgjere om lag 1,2 mill. kr. (2.960 m² x 400 kr. pr. m²).

Innsparing FDV-kostnader Kløvheim og Eikanger vil vera ca. 1. mill. kr. pr. år ($1.180 \text{ m}^2 + 1.179 \text{ m}^2 \times 450 \text{ kr. pr. m}^2$). Inntekter ved sal av bygg/tomt vil koma i tillegg.

Ved ein felles skule for Kløvheim og Eikanger, kan ein redusera tal årsverk pedagog med om lag 2,2 årsverk. Dette utgjer ei årleg innsparing på om lag 1,3 mill. kr.

Auka utgifter til skuleskyss vil vere om lag 220.000 kr.

Ved å overføre elevar frå Eikanger skule til Kløvheim skule, vil ein redusera dei årlege FDV-kostnadene ved Eikanger skule med ca. kr. 530.000 ($1.179 \text{ m}^2 \times 450 \text{ kr. pr. m}^2$).

I tillegg kan ein redusera tal årsverk pedagog med ca. 2,2 årsverk. Dette utgjer ei årleg innsparing på ca. kr. 1.3 mill.

Utgifter skuleskyss for elevar frå Eikanger vil auke med om lag 550.000 kr.

Av investering vil det vera behov for å rehabilitere skulen på Kløvheim samt setje inn ventilasjonsanlegg. I tillegg vil det vere behov for å byggje ut skulen for å auke kapasiteten til ca. 150 elevar (nokre elevar vil truleg søkje seg til Leiknes skule ved dette alternativet).

Om skulen skal utvidast må også behovet for utbetring av gymnastikksal vurderast. Kostnader til rehabilitering samt utbygging og kjøp av tilleggsareal er stipulert til kr. 64 mill. inkl. ny gymnastikksal (rehabilitering inkl. ventilasjonsanlegg: 11 mill. kr., påbygg skule: $16,0 \text{ m}^2 \times 90 \text{ elevar} \times 32.500 \text{ kr. pr. m}^2$, kjøp av ekstra areal: $4.500 \text{ m}^2 \times 1.200 \text{ kr. pr. m}^2$) Kommunen kan få inntekter ved ev. sal av eksisterande bygningar og tomt på Eikanger. Auke i FDV-kostnader (normal) på Kløvheim skule vil vera om lag 580.000 kr. ($1.440 \text{ m}^2 \times 400 \text{ kr. pr. m}^2$).

Ved å flytte elevar frå Kløvheim og Eikanger skular til Ostereidet skule, vil ein redusere dei årlege FDV-kostnadene med ca. kr. 1 mill. ($1.179 \text{ m}^2 + 1.180 \text{ m}^2 \times 450 \text{ kr. pr. m}^2$).

I tillegg vil kan ein redusera tal årsverk pedagog med ca. 5 årsverk. Dette gir ei samla innsparing på om lag 3 mill. kr.

Det vil vere behov for å utvide kapasiteten ved Ostereidet skule til om lag 300 elevar, og kostnadene til dette er stipulert til ca. kr. 54 mill. kr. ($11,8 \text{ m}^2 \times 140 \text{ elevar} \times 32.500 \text{ kr. pr. m}^2$). Ev. kjøp av tilleggsareal vil kome i tillegg.

Auke i FDV-utgifter ved skulen (normal) vil etter utviding utgjere ca. 660.000 kr.

Utgifter skuleskyss for elevar frå Kløvheim og Eikanger vil auke med om lag 900.000 kr.

Ved å flytte elevar frå Kløvheim og Eikanger skular til Leiknes skule, vil ein redusere dei årlege FDV-kostnadene med ca. kr. 1 mill. ($1.179 \text{ m}^2 + 1.180 \text{ m}^2 \times 450 \text{ kr. pr. m}^2$).

I tillegg vil kan ein redusera tal årsverk pedagog med ca. 5 årsverk. Dette gir ei samla innsparing på om lag 3 mill. kr.

Det vil vere behov for å utvide kapasiteten ved Leiknes skule til om lag 390 elevar, og kostnadene til dette er stipulert til ca. kr. 88 mill. kr. (skule $11,0 \text{ m}^2 \times 200 \text{ elevar} \times 32.500 \text{ kr. pr. m}^2$, tomt: $12.000 \text{ m}^2 \times 1.400 \text{ kr. pr. m}^2$).

Auke i FDV-utgifter ved skulen (normal) vil etter utviding utgjere ca. 880.000 kr.

Utgifter skuleskyss for elevar frå Kløvheim og Eikanger vil auke med om lag 900.000 kr.

SAMLAM KONSEKVENSVURDERING FOR KLØVHEIM SKULE

Elevtalsutvikling

Elevtalet på Kløvheim er noko synkande i åra framover. Lågast vil det vere i 2022-23 med 31 elevar.

Bygg og uteområde

Bygg og utområdet vil vere tilfredsstillande med den elevtalsutviklinga som ligg i prognosetala. Uteområdet er godt tilrettelagd for fleire elevar – nye investeringar lite aktuelt ved elevtalsauke.

Nærskule og skuleskyss - vurdering av dei ulike alternativa

B1: Kløvheim/Eikanger – ny skule

Ny skuletomt må greiast ut. Plasseringa avgjer reiseveg og skyss for elevane. Dersom Myking skule består, vil elevane som bur nord for Kløvheim skule ha Myking skule som nærskule. Dette er berre gyldig om den nye skulen vert plassert i området frå Høyland mot Eikanger.

B2 Eikanger skule (Kløvheim del av Eikanger)

Eikanger skule vil bli nærskule for alle i Kløvheimkrinsen og elevar frå deler av Jordal og Bjørnevoll i Mykingkrinsen dersom Myking skule vert lagt ned. Det er etablert skuleskyssmønster frå Kløvheim forbi Eikanger og til ungdomsskulen på Ostereidet

B3: Kløvheim skule (Eikanger del av Kløvheim skule)

Elevane frå Kløvheim kan halda fram med å gå til skulen. Elevtalet (40+74) vil samla sett vere høgare enn det skulen i dag har kapasitet til. Utbygging vert nødvendig. Paviljongen på Eikanger kan flyttast til Kløvheim i ein overgangsperiode. Kløvheim skule vil ikkje vera nærskule for fleirtalet av elevane frå Eikangerkrinsen. Elevtalet på Kløvheim som samleskule vil derfor truleg verta lågare enn på dei to skulane samla. Dersom Myking skule er lagt ned, kan ein få søknad frå elevane frå Myking som får Kløvheim som nærskule. Skuleskyss frå Myking til Kløvheim kan i dag ordnast med ein eksisterande rutebuss. Det må etablerast eit nytt skuleskyssmønster tur/retur Kløvheim frå Eikanger. Dei etablerte rutene går motsett veg.

B4 Ostereidet skule (Kløvheim og Eikanger del av Ostereidet barneskule)

For elevane frå Kløvheim vil Leiknes skule vera ca. 1 km nærare enn Ostereidet. Nærskuleprinsippet kan derfor spela ei rolle for om elevar vil søkja seg til Leiknes heller enn å gå på Ostereidet. Om det er ledig kapasitet på Leiknes, må dei få plass.

B5 Leiknes skule (Kløvheim og Eikanger del av Leiknes skule)

Leiknes vil bli nærskule for elevane frå Kløvheim, men skilnaden i avstand mellom å reisa til Leiknes og Ostereidet er liten. Det må etablerast nye skuleskyssruter frå Kløvheim til Leiknes. Det vert auke i skysskostnadane.

Anna

